



Kompetansepluss - frivillig

Alle har vi behov for å bli sett
og å vere nyttige i eit fellesskap

**Kva kan laget
ditt gjera?**

Kompetansepluss - frivillig

Kompetanseplusskurs er meint å styrke ein eller fleire grunnleggande ferdigheiter hjå vaksne i emna lesing, skriving, rekning, data og munnleg norsk.

Hovudmålet er at fleire får opplæring i grunnleggande ferdigheiter og slik styrkar moglegheitene sine for å delta i arbeidslivet, eller bli verande i arbeidslivet.

I tillegg kan vi nytte slike kurs til effektivt å integrere og nedkjempe utanforskap ved å skape ein inkluderande arena med felles læringsaktivitet.

Kurset kan vere retta mot dei

- som skal etablere seg i eit nytt miljø
- som har svake grunnleggande ferdigheiter
- som står utanfor eller i fare for å falle utanfor arbeidslivet
- som er utan, eller med lite og sårbart sosialt nettverk

Forslag til kurs

- Kan til dømes vera teater-, musikk-, song- eller handverkskurs med vekt på og systematisk bruk av lesing, skriving og munnleg norsk
- Målgruppa og fagområda bør ha samanheng med aktivitetane i laget
- Kursa bør ikkje vere for omfattande i tid og innhald
- Fleire gode døme finn du på www.kulturogtradisjon.no

Kursa er støtta av øyremerkte, særskilde midlar frå VOX utlyst på hausten ein gong i året. Søknadsfrist i år er 14. november 2016.

Ynskjer de å søke, ta kontakt med Studieforbundet kultur og tradisjon på tlf 61217750, eller torunn@kulturogtradisjon.no

